



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Dato: 17.08.2015
Vår ref.: 2014/23101-33
Saksbehandlar: oddmell
Dykkar ref.:

Motsegn frå Hordaland fylkeskommune til reguleringsplan for Bergenhus, Bergen kommune - Møllendal øst, gnr 163 bnr 20 m.fl.

Vi viser til brev frå dykk dagsett 17.06.2015 vedkomande sak 39/15 Motsegn frå Hordaland fylkeskommune til reguleringsplan for Bergenhus, Bergen kommune - Møllendal øst, gnr 163 bnr 20 m.fl.

Fakta knytt til saka:

- Saka vart første gong behandla i Kultur- og ressursutvalet den 04.06.2013 (sak 61/13).
- Hordaland fylkeskommune fekk 05.11.2014 brev frå advokatfirma Harris dagsett 3. november 2014 med oppmoding om fornya behandling. Følgjande dokument vart motteke:

Journalnr. 2014/23101-1 Fråsegn - Reguleringsplan for Bergenhus - Møllendal øst - gnr 163 bnr 20 m.fl. - Anmodning om fornyet behandling - Bergen kommune

<i>Fråsegn - Reguleringsplan for Bergenhus - Møllendal øst - gnr 163 bnr 20 m.fl. - Anmodning om fornyet behandling - Bergen kommune</i>	<i>Hoveddokument.</i>
<i>Forslag til bestemmelser fra Bergen kommune</i>	<i>Vedlegg</i>
<i>Kulturminnedokumentasjon fra Opus</i>	<i>Vedlegg</i>
<i>Stedsanalyse fra Opus</i>	<i>Vedlegg</i>
<i>Brev fra Opus AS</i>	<i>Vedlegg</i>
<i>Forslag til detaljregulering</i>	<i>Vedlegg</i>

- I møte 18.11.2014 sette medlem Svein Halleraker fram ønskje om ny handsaming av sak 61/13 og viste m.a. til Harris sitt brev. Eit samla utval støtta forslaget (sak 147/14 Ymse).
- Den 19.03.2015 vart saka behandla på ny i Kultur og ressursutvalet (Sak 39/15 Motsegn til ny vurdering -Reguleringsplan for Bergenhus – Møllendal øst - gnr 163 bnr 20 m.fl. - Bergen kommune). Då Halleraker opplyste om at han var medeigar i arkitektfirma som var inne i saka, vurderte og vedtok utvalet Svein Halleraker som ugild. Han gjekk då frå, jfr. forvaltningslova § 6 (..andre særegne forhold..).

Hordaland fylkeskommune si behandling er tufta på dei dokumenta og den informasjonen som til ei kvar tid har lagt i saka, og ein kan ikkje sjå at det i dokumenta Hordaland fylkeskommune har lagt til grunn, ligg føre opplysningar om kva arkitektfirma som har vore inne, eller når eit mogeleg oppdrag vart gjeve. Utvalet la til grunn medlemen Halleraker sine eigne opplysningar om at hans selskap var inne då saka var oppe til behandling 19.03.2015. Alle medlemar i politiske utval pliktar sjølv å vurdere eigen habilitet i høve til

dei sakene dei er med på å avgjere, jmf forvaltningslova § 8, 1.ledd. I møte 19.03.2015 vurderte og vedtok Kultur og ressursutvalet Svein Halleraker som ugild etter at han sjølv bad om slik vurdering. Det er det einskilde utval som tek stilling til ugildspørsmål og som treff avgjersle. Kultur- og ressursutvalet har såleis handsama ugildspørsmålet i tråd med handsamingsregelen i forvaltningslova si § 8, 2. ledd. Halleraker deltok ikkje i saksførebuinga og heller ikkje ved utvalet si endra realitetsavgjersle, jmf forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Vedtaket vart endra ved ny behandling i møte 09.03.15 sak 39/15, der motsegn grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser gjekk ut.

Verknadene av ny behandling vart såleis at Hordaland fylkeskommune ikkje finn å fremje motsegn grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser knytt til strøkskarakteren på Årstad/ Møllendalen, Årstad Skole, Kronstad Hovedgård, Årstad kyrkje og Møllendalen Kirkegård.

Saka har vore behandla i Kultur og ressursutvalet i samsvar med delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Anne-Beth Njærheim
Svein Halleraker